

# NY PENSJONSKONTO GJELD IKKJE OFFENTLEG TENESTEPENSJON

**Frå og med i år har alle arbeidstakarar som har privat innskotspensjon, ein eigen pensjonskonto. Det gjer at pensjonssparinga i privat sektor blir samla på ein konto. I offentleg sektor har vi lenge hatt liknande ordning i overføringsavtalen.**

Fordelen med den nye pensjonskontoen er at det blir enklare for deg å halde oversikt, og du kan få litt meir i kroner og øre den dagen du blir pensjonist.

## **Dette er den nye pensjonskontoen i privat sektor**

- **Du får med deg opptening sjølv om du jobbar kortare enn 12 månader.** Før 2021 hadde du ikkje krav på å få med deg pensjonsopptening frå ein arbeidsgivar dersom du jobba kortare enn 12 månader. Det vil seie at dersom du jobba ein stad i 11 månader før du slutta, gjekk alle pengane som blei sette av til deg tilbake til arbeidsgivar.
- **Du får berre ein pensjonskonto å halde styr på.** Jobba du lenger enn 12 månader i ein jobb, fekk du med deg det som blir kalla eit «pensjonskapitalbevis». Det er dokumentasjon på at du har spart opp pensjon frå eit tidlegare arbeidsforhold. Dess oftare du bytte jobb, dess fleire slike bevis fekk du.
- **Du slepp sjølv å samle pensjonskapitalbevisa dine.** Den nye loven seier at alle tidlegare arbeidsforhold skal samlast på ein konto. Frå og med i år slepp du altså å gjere den jobben med å sette deg ned og samle inn informasjon om bevisa dine og. Nå skjer det automatisk.
- **Du betaler mindre i gebyr for pensjonskapitalbevisa dine.** For kvart pensjonskapitalbevis du hadde, måtte du som regel betale for forvaltninga av pengane og kanskje ei ekstrabetaling av kor mykje pengane dine voks (avkastning). Nå skjer det berre hos ein leverandør, ikkje fleire. Det vil nok gi meir pengar i lomma den dagen du går av.
- **Ei samla utbetaling den dagen du blir pensjonist.** I staden for å få utbetalinga frå fleire forskjellige leverandørar, får du utbetalte alt frå ein og same pensjonskonto.

## **Store likskapstrekk med overføringsavtalen i offentlig sektor**

Den nye pensjonskontoen gjeld berre for privat sektor. Offentleg sektor er ikkje omfatta av den nye loven som gjeld frå i år. Men, den nye pensjonskontoen i privat sektor har store likskapstrekk med noko offentlig sektor har hatt i mange år: overføringsavtalen.

### **Overføringsavtalen sikrar pensjonsoppteninga di i offentlig sektor**

Overføringsavtalen er ein avtale mellom dei ulike offentlege pensjonskassane i Noreg. Den skal sikre at du får med deg all pensjonsopptening og andre rettar som uførepensjon, dersom du byter jobb innan offentlig sektor.

Det vil seie at du ikkje treng å «starte på nytt» dersom du har jobba i ein kommune i nokre år, og så får du ny jobb i ein fylkeskommune eller staten. Du får med deg det du hadde i den kommunale pensjonskassen og over til oss eller den fylkeskommunale pensjonskassen.

Det er vi i Statens pensjonskasse som administrerer avtalen på vegner av alle pensjonskassane.

### **Pensjonskassane gjer jobben for deg**

Vi, som pensjonskassar, sørger for at alle rettane og oppteninga di blir tekne vare på for deg. Du treng ikkje gjere noko sjølv, eller varsle den nye pensjonskassen at du før har vore medlem ein annan stad.

Du slepp også å sette deg ned for å samle inn informasjon om den ulike medlemskapen din i pensjonskassane. Det er den siste pensjonskassen du var medlem i som skal samle informasjonen om deg og betale ut alders- eller uførepensjonen den dagen du treng det. Du treng berre å søke ein stad. Resten fiksar vi pensjonskassane på bakrommet.

### **I offentlig sektor blir alle arbeidsforhold telt med**

I privat sektor var det tidlegare ikkje mogeleg å få med seg eller fortsette på pensjonsopptening for tilsettingar under 12 månader. Slik har det ikkje vore i offentlig sektor sidan 1977.

Overføringsavtalen sikrer at sjølv korte arbeidsforhold blir teke vare på, og tel dersom du begynner å jobbe i offentleg sektor igjen. Det betyr at dersom du hadde seks månader i ein kommune, og så begynner du å jobbe i ein fylkeskommune eller staten, startar du ikkje på null igjen.

## **Korleis skaffe deg oversikt**

- Du kan bruke [nav.no](http://nav.no) eller [norskpensjon.no](http://norskpensjon.no) for å skaffe deg oversikt over kva du har av rettar i privat og offentleg sektor.
- Har du berre vore medlem i Statens pensjonskasse? Da kan du logge inn på Min side på [spk.no](http://spk.no) for å sjå historikken din hos oss.
- Har du vore medlem i andre offentlege pensjonskassar? Da må du logge inn eller kontakte kvar enkelt pensjonskasse for å få vite historikken din.